

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset, Bergen
Dato: 31.01.2019
Tidspunkt: 11.00 – 14.30

Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|----------|---------------|
| Anne Gine Hestetun | Leiar | A |
| Roald Kvamme | Medlem | A |
| Kari Sørensen Bernardini | Medlem | A |
| Synnøve Solbakken | Medlem | A |
| Helge Nævdal | Medlem | A |
| Mona Røsvik Strømme | Medlem | H |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Nils Marton Aadland | Medlem | H |
| Terje Søviknes | Medlem | FRP |
| Roald Stenseide | Medlem | FRP |
| Pål Kårbø | Medlem | KRF |
| Benthe Bondhus | Medlem | SP |
| Aud Karin Oen | Medlem | SV |
| Tom Sverre Tomren | Medlem | KRF |
| Anne Beth Njærheim | Medlem | V |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

Følgjande varamedlemmer møte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader**Frå administrasjonen møte:**

| Namn | Stilling |
|-------------------------------|---|
| Ingrid Kristine Holm Svendsen | Kst. Fylkesrådmann |
| Nils Egil Vetlesand | Kst. Fylkesdirektør økonomi og organisasjon |
| Svein Heggheim | Fylkesdirektør opplæring |
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør samferdsel |
| Per Morten Ekerhovd | Kst. Fylkesdirektør kultur og idrett |
| Bård Sandal | Fylkesdirektør regional utvikling |
| Jostein Fjærestad | Direktør eigedomsavdelinga |
| Målfrid Vik Sønstabø | Kst. direktør Skyss |
| Hilde Joranger Mæland | Leiar kommunikasjonsrådgiving |
| Bertil Søfteland | Leiar fylkessekretariatet |
| Sigrid Helene Aardal | Seniorrådgjevar |
| Anita Fjellheim | Spesialkonsulent |
| Merethe Helland Nordnes | Seniorrådgjevar |

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|--|-------------------------|---------------|
| PS 1/19 | Godkjenning møteinnkalling og sakliste | | |
| PS 2/19 | Godkjenning møtebok forrige møte | | |
| PS 3/19 | Referatsaker (meldingar) | | |
| RS 1/19 | Rapport frå NTNU - Sykkel-VM 2017. Fra folkefest til økonomisk bakrus | 2014/1636 | |
| RS 2/19 | Forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane - fråsegn frå Vestland fylkeskommune | 2015/12675 | |
| RS 3/19 | Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 - resultat og vidare bruk | 2018/17430 | |
| RS 4/19 | Gåveregister for dei folkevalde | 2018/8482 | |
| RS 5/19 | Rapportering for bruk av kompetansemidlar i landbruket 2018 | 2018/490 | |
| RS 6/19 | Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 31.12.2018 | 2014/10180 | |
| RS 7/19 | Utvida takstsamarbeid mellom Jernbanedirektoratet og fylkeskommunen | 2016/4166 | |
| RS 8/19 | Debatthefte 2019 - KS spør | 2019/649 | |
| RS 9/19 | Hurtiglading for drosje på Bergen lufthamn og Bergen busstasjon | 2016/34268 | |
| RS 10/19 | Ekstraløyving til trafikkisikring i 2019. Fordeling av midlar og plan for tilskotsordning. | 2019/99 | |
| RS 11/19 | Underskriftskampanje - nedlegging av båtruta - Våge-Reksteren-Os | 2018/17236 | |
| RS 12/19 | Beredskap for stengte tunnelar i sone nord - E39. | 2018/7835 | |
| RS 13/19 | Eierrapport fra Ferde AS 2018-2 | 2016/34293 | |
| RS 14/19 | Trafikksikker fylkeskommune - svar på oversendingsforslag | 2017/17410 | |
| RS 15/19 | Svar på spørsmål om Autopass | 2015/11763 | |
| RS 16/19 | Kulturrådet si vurdering av musea i 2017 | 2016/2550 | |
| RS 17/19 | Rapport frå Generalforsamlinga i CPMR 2018 | 2014/22155 | |
| RS 18/19 | Invitasjon til Jernbaneforum 2019 | 2019/640 | |
| RS 19/19 | Dokument 18/136127-12 E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset (ringveg øst) - KDP med KU Referat fra møte 01/18 i referansegruppen 23-11-2018 sendt fra Statens vegvesen | 2018/13472 | |
| RS 20/19 | Status for spørsmål og oversendingsforslag pr. 31.januar 2019 | 2015/10348 | |
| PS 4/19 | Spørsmål | | |
| FO 1/19 | Spørsmål frå Kårbø (KRF) - opptak på særskilt grunnlag - søknad digitalt i VIGO | 2019/616 | |
| PS 5/19 | Ymse | | |

| | | |
|----------|---|------------|
| PS 6/19 | Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling - budsjett 2019 | 2018/17532 |
| PS 7/19 | Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2019 | 2018/490 |
| PS 8/19 | Sal av Bruravik ferjekai - gnr 74 bnr 4 i Ulvik herad | 2016/35109 |
| PS 9/19 | Framlegg til overføringslov og endring av ulike lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen - Høyringsfråsegn | 2018/16763 |
| PS 10/19 | Utlysing driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland | 2015/5638 |
| PS 11/19 | Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Skjeggedal - Tyssedal - Odda | 2018/14702 |
| PS 12/19 | Søknad frå Osbuss AS om fornying av ruteløyve for sightseeingbuss i Bergen sentrum | 2018/14672 |
| PS 13/19 | Komité for avslutting fylkestingsperioden 2015-2019 | 2018/13619 |
| PS 14/19 | Val av medlemmer og varamedlem til generalforsamlinga i Sparebanken Vest | 2017/732 |

PS 1/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

PS 2/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Vedtak

Møteprotokoll frå fylkesutvalet 06.12.2018 vart godkjent utan merknader.

PS 3/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Vedtak

Referatsakene RS 1/19 -20/18 vart refererte

PS 4/19 Spørsmål

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Vedtak

FO 1/19 Spørsmål frå Kårbø (KRF) - opptak på særskilt grunnlag - søknad digitalt i VIGO

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordføraren viser til følgjande spørsmål til fylkesrådmannen frå representanten Pål Kårbø:

« KrF er kjend med at opptak på særskilt grunnlag innan 1. februar frå no kun kan gjerast digitalt. Isolert sett er dette positivt. Utfordringa er at private skular som frivillig er med i VIGO (her gjeld det Danielsen Vgs og St. Paul Vgs) ikkje har tilgang til dette digitale systemet, og elevar på særskilt grunnlag kan difor ikkje søkja desse.

Mitt spørsmål er då : Korleis kan denne utfordringa løysast, slik at også desse elevane har eit reelt fritt skuleval? Kan private skular i VIGO innvilgast digital tilgang? evt kan HFK framleis tillate «søknader på særskilt grunnlag» på papir til desse 2 skulane?»

Hordaland fylkeskommune jobbar for å digitalisere inntak til vidaregåande skule. I år har vi også teke i bruk digital søknad på 1. februar-inntaket. Sjølv om inntaket vårt er digitalisert, tek vi sjølvsgt imot søknader både til 1. mars og 1. februar på papir.

St. Paul gymnas og Danielsen vidaregåande skole er etter eige ønskje med i inntaket gjennom Vigo. St. Paul gymnas har vore med frå skulen starta opp i 2012. Danielsen vidaregåande skole er med for første gong ved årets inntak.

Inntak til private skular er regulert av friskulelova. Dei private skulane skal ha sitt eige inntaksreglement sjølv om dei er med i Vigo-inntaket. Ved forhandlingane med Danielsen vidaregåande skole hausten 2018, vart det avtalt at også 1. februar-søklarane skulle søkje gjennom Vigo. Gjeldande avtale med St Paul gymnas vart ikkje endra tilsvarande. Ved inntaket i 2018 fekk

fylkeskommunen nokre 1. februar-søknader til St. Paul gymnas. Desse vart vidareformidla til skulen. Dette vil vi også gjere i år, og samstundes har vi etter avtale med skulen opna for digital søknad frå 28.01.19.

Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at søknad gjennom Vigo til 1. februar-inntaket for private skular ikkje betyr at søknadene vert handsama av fylkeskommunen. Søknadene med vedlegg vert vidareformidla til skulen som må vurdere kven dei vil ta inn. Bakgrunnen for det er at dei private skulane har ulike kriterier for kven som får plass etter søknad til 1. februar-inntaket. Dette skal vere regulert i skulen sitt inntaksreglement.»

FO 2/19 Spørsmål frå Solbakken (A) - Ladestasjon - Ranavik ferje- og snøggåtkai

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«I samband med at det skal byggast ut ladeinfrastruktur for ferjer i fylket, og at i Ranavik nyttar ferje og snøggåtkai same kai, har representanten Synnøve Solbakken (A) stilt følgjande spørsmål:

1. Korleis blir det med snøggåtkailøpa ved Ranavik når det skal byggjast ladestasjon ved kaianlegget?
2. Vil snøggåtkaien vera på same stad etter montering av ladestasjon?

Til spørsmål 1:

Skyss har fått informasjon om at bygging av hurtigåtkai i Ranavik vil kunne vere ferdigstilt i juni/juli 2019. Samferdsel/Skyss vurderer no korleis ein best kan samordne arbeidet med etablering av ny hurtigåtkai med anleggsarbeidet knytt til ladeinfrastruktur for ferjene. Det blir lagt opp til å ivareta dei reisande med hurtigåtkaien best mogleg, samstundes som ein held seg innanfor dei økonomiske rammene og sikrar framdrifta for fullelektrifisering av ferjesambandet Skjersholmane-Ranavik

Til spørsmål 2:

Det har, til tider, vore utfordringar med at ferja og snøggåtkaien nyttar same kai til å anløpa sine. Desse utfordringane vert ytterlegare forsterka når det no vert bygd ladeanlegg på ferjekaien, i hovudsak på grunn av to tilhøve; ferja treng lengre liggetid p.g.a. lading og ladeanlegga gjer det vanskeleg for publikum å komme til båten. Det er difor konkludert med at det må byggjast ei ny snøggåtkai i Ranavik. Den vert plassert på staden kommunen tidlegare hadde ei kai i Ranavik, omlag 75 meter sørvest for ferjekaien. Bygging av snøggåtkai er bestilt hos Statens vegvesen og dei er i gang med prosjektera av denne. Prosjektet vert finansiert over budsjettposten «ferjekontraktar – infrastruktur, nett og kaiar».

PS 5/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Daglig leiar i Kraftfylka, Niklas Kalvø Tessem orienterte om inntekter frå kraftproduksjon.

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A i samband med RS 17/19 fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber administrasjonen koma attende med ei sak om korleis Hordaland kan nytta medlemskapet og samarbeidet i Nordsjøkommisjonen og CPMR i viktige saker for fylket. Jamfør verbalforslag i budsjettvedtak.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen utan realitetsbehandling.

PS 6/19 Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling - budsjett 2019

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2019 for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*»

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2019 for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*»

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til budsjett for 2019 for «*Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2018-2019*»

PS 7/19 Innspel frå Hordaland fylkeskommune til jordbruksforhandlingane 2019

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektsgrunnlaget til dei små,- og mellomstore bruka.
2. Fylkesutvalet meiner små- og mellomstore bruk skal bli skjerma i framtidige kvotereguleringar.
3. Fylkesutvalet meiner at rammene for investering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.
4. Fylkesutvalet anbefalar at det blir satsa på regionale utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
5. Fylkesutvalet meiner at det bør bli lagt til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
6. Fylkesutvalet anbefalar at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket og som gjer at fleire unge vel landbruksretta utdanning.
7. Fylkesutvalet anbefalar at det blir etablert regionale program for klimatilpassing og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
8. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til klimatilpassing, grønne skifte og bioøkonomi bør bli intensivert og tilpassa regionale forhold og at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som blir avsett gjennom jordbruksavtalen.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 22.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektsgrunnlaget til dei små,- og mellomstore bruka.
2. Fylkesutvalet meiner små- og mellomstore bruk skal bli skjerma i framtidige kvotereguleringar.
3. Fylkesutvalet meiner at rammene for investering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.
4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på regionale utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
5. Fylkesutvalet meiner at det bør bli lagt til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
6. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket og som gjer at fleire unge vel landbruksretta utdanning.
7. Fylkesutvalet anbefaler at det blir etablert regionale program for klimatilpassing og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
8. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til klimatilpassing, grønne skifte og bioøkonomi bør bli intensivert og tilpassa regionale forhold og at regionane bør få tilgang til forskningsmidlane som blir avsett gjennom jordbruksavtalen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner jordbruksforhandlingane må styrkja inntektsgrunnlaget til dei små,- og mellomstore bruka.
2. Fylkesutvalet meiner små- og mellomstore bruk skal bli skjerma i framtidige kvotereguleringar.
3. Fylkesutvalet meiner at rammene for investering i landbruket må ta høgde for regionale skilnader i bruksstruktur, topografi og klima og at investeringsmidlane vert forvalta regionalt.
4. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på regionale utviklingsprogram for frukt- og bær dyrking som legg særleg vekt på auka kompetanse, endringar i klima, nye dyrkingsteknikkar og auke i økologiske produksjonar.
5. Fylkesutvalet meiner at det bør bli lagt til rette for auka berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog og auke i grad av vidareforedling nasjonalt og lokalt.
6. Fylkesutvalet anbefaler at det blir satsa på tiltak som styrker rekrutteringa til landbruket og som gjer at fleire unge vel landbruksretta utdanning.

7. Fylkesutvalet anbefaler at det blir etablert regionale program for klimatilpassing og at dreneringstilskot blir tilpassa etter regionale forhold.
8. Fylkesutvalet meiner FoU knytt til klimatilpassing, grønne skifte og bioøkonomi bør bli intensivert og tilpassa regionale forhold og at regionane bør få tilgang til forskingsmidlane som blir avsett gjennom jordbruksavtalen.

PS 8/19 Sal av Bruravik ferjekai - gnr 74 bnr 4 i Ulvik herad

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at Bruravik ferjekai i Ulvik herad vert lagt ut for sal på den opne marknaden.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne eit bod som er lik eller høgare enn 90% av marknadsverdivurderinga på 2,0 mill kr.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90% av marknadsverdivurderinga, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Pål Kårbø (Krf) sette på vegne av Ap,Sp,Krf og SV fram slikt forslag

Alternativ.

«Fylkesutvalet bed rådmannen gå i ny dialog med kommunane og (lokalt) næringsliv, for å avklara om Bruravik fergekai kan nyttast for å skapa regional utvikling og ny aktivitet på kaien.

Deretter vert saka på ny lagt fram til politisk handsaming.»

Kårbø sitt forslag fekk 9 røyster (A, Krf, Sp, SV) og vart vedteke.
Innstillinga fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalet bed rådmannen gå i ny dialog med kommunane og (lokalt) næringsliv, for å avklara om Bruravik fergekai kan nyttast for å skapa regional utvikling og ny aktivitet på kaien.

Deretter vert saka på ny lagt fram til politisk handsaming.

PS 9/19 Framlegg til overføringslov og endring av ulike lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen - Høringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.
2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten. Det er behov for kompetanse-arbeidsplassar i Statens Vegvesen i heile landet.
3. Delegasjonsføresegnene i § 9 i veglova kan opphevast i sin heilskap.
4. Reguleringa av dei tilsette sine individuelle rettar må innrettast på ein mindre ressurskrevjande måte enn det forslaget til overføringslov legg opp til.

5. Den samla budsjetttramma som blir overført til fylkeskommunane må samsvare med tal stillingar som Statens vegvesen har brukt til aktuelle fylkesvegoppgåver. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019

Svein Halleraker (H) sette på vegner av H, FRP, MDG, V, KrF, SP, A, og SV fram slikt forslag:

Fylkesrådmann sitt forslag med slike endringar:

«Endring siste setning punkt. 2:

Det vil fortsatt vere behov for leiar og kompetansesarbeidsplassar i statens vegvesen i alle regionar»

«Punkt 3 og 4 går ut»

«Punkt 5: Ny første setning:

Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjetttrammene.»

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag med Halleraker sine endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmann sitt forslag vart ikkje røysta over.

Innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.
2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten. Det vil fortsatt vere behov for leiar og kompetansesarbeidsplassar i statens vegvesen i alle regionar.
3. Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjetttrammene. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Terje Søviknes (Frp) sette på vegne av A, KrF, Sp, SV, V, H og Frp fram slikt forslag.

Ny setning i pkt. 3.

.....usikre og ufullstendige. Stillingar som vert overført må vera i henhold til fylkeskommunen sine behov. Det er viktig å få kartlagt....»

Roald Kvamme (A) sette på vegne av A, KrF, Sp, SV, V, H og Frp fram slikt forslag.

«Siste setning i pkt. 2 vert teken ut.

Røysting

Innstillinga med Søviknes og Kvamme sine forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.
2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten.
3. Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Stillingar som vert overført må vera i henhold til fylkeskommunen sine behov. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjettammene. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.

PS 10/19 Utllysning driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkesutvalet sluttar seg til standardval i grunnlagsnotatet til Statens vegvesen om utlysning av driftskontrakt 1206 Voss og 1207 Sunnhordland.

PS 11/19 Søknad frå Taxi/Bus Odda AS om ruteløyve for strekninga Skjeggedal - Tyssedal - Odda

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Taxi/Bus Odda AS ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal – Odda.
2. Taxi/Bus Odda AS skal ikkje utføre rutetransport mellom Tyssedal og Odda når Skyss har rutetilbod der.

3. Fylkesutvalet oppmodar Taxi/Bus Odda AS til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i rutetransporten.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Taxi/Bus Odda AS ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal – Odda.
2. Taxi/Bus Odda AS skal ikkje utføre rutetransport mellom Tyssedal og Odda når Skyss har rutetilbod der.
3. Fylkesutvalet oppmodar Taxi/Bus Odda AS til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i rutetransporten.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tildeler Taxi/Bus Odda AS ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal – Odda .
2. Taxi/Bus Odda AS skal ikkje utføre rutetransport mellom Tyssedal og Odda når Skyss har rutetilbod der.
3. Fylkesutvalet oppmodar Taxi/Bus Odda AS til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell i rutetransporten.

PS 12/19 Søknad frå Osbuss AS om fornying av ruteløyve for sightseeingbuss i Bergen sentrum

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Osbuss AS, org.nr 990 024 898, ruteløyve for strekninga Bontelabo – Bryggen – Strandkaaien – C. Sundts gate – Nordnesbakken – Haugeveien – Klostergaten – Engen – Nøstegaten – Nygårdshøyden – Strømgaten – Lars Hilles gate – Christies gate – Torget – Nye Sandviksveien – Nyhavn – Bontelabo. Ruteløyvet gjeld på vilkåra i punkt 3-6.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at Osbuss følgjer opp den planen for bruk av miljøvenleg vognmateriell som er skissert i løyvesøknaden.
3. Hordaland fylkeskommune kan, med varsel i rimeleg tid, påleggje Osbuss å endre rutetrase og bruk av haldeplassar, dersom trafikkale tilhøve tilseier dette.
4. Ruteløyvet gjeld sightseeingbussrute for passasjerar med rundturbillett.
5. Ruteløyvet gjeld drift etter reglane i diskriminerings- og likestillingslova og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.
6. Ruteløyvet gjeld drift med bruk av haldeplassar i samsvar med reglane i vegtrafikklova og skiltforskrifta. Stans for anna enn snøgg av- og påstigning må finne stad på plass godkjent av Hordaland fylkeskommune og vegeigar.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet tildeler Osbuss AS, org.nr 990 024 898, ruteløyve for strekninga Bontelabo – Bryggen – Strandkaaien – C. Sundts gate – Nordnesbakken – Haugeveien – Klostergaten – Engen – Nøstegaten – Nygårdshøyden – Strømgaten – Lars Hilles gate – Christies gate – Torget – Nye Sandviksveien – Nyhavn – Bontelabo. Ruteløyvet gjeld på vilkåra i punkt 3-6.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at Osbuss følgjer opp den planen for bruk av miljøvenleg vognmateriell som er skissert i løyvesøknaden.
3. Hordaland fylkeskommune kan, med varsel i rimeleg tid, påleggje Osbuss å endre rutetrase og bruk av haldeplassar, dersom trafikkale tilhøve tilseier dette.
4. Ruteløyvet gjeld sightseeingbussrute for passasjerar med rundturbillett.
5. Ruteløyvet gjeld drift etter reglane i diskriminerings- og likestillingslova og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.
6. Ruteløyvet gjeld drift med bruk av haldeplassar i samsvar med reglane i vegtrafikklova og skiltforskrifta. Stans for anna enn snøgg av- og påstigning må finne stad på plass godkjent av Hordaland fylkeskommune og vegeigar.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tildeler Osbuss AS, org.nr 990 024 898, ruteløyve for strekninga Bontelabo – Bryggen – Strandkaaien – C. Sundts gate – Nordnesbakken – Haugeveien – Klostergaten – Engen – Nøstegaten – Nygårdshøyden – Strømgaten – Lars Hilles gate – Christies gate – Torget – Nye Sandviksveien – Nyhavn – Bontelabo. Ruteløyvet gjeld på vilkåra i punkt 3-6
2. Fylkesutvalet legg til grunn at Osbuss følgjer opp den planen for bruk av miljøvenleg vognmateriell som er skissert i løyvesøknaden.
3. Hordaland fylkeskommune kan, med varsel i rimeleg tid, påleggje Osbuss å endre rutetrase og bruk av haldeplassar, dersom trafikkale tilhøve tilseier dette.
4. Ruteløyvet gjeld sightseeingbussrute for passasjerar med rundturbillett.
5. Ruteløyvet gjeld drift etter reglane i diskriminerings- og likestillingslova og forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.
6. Ruteløyvet gjeld drift med bruk av haldeplassar i samsvar med reglane i vegtrafikklova og skiltforskrifta. Stans for anna enn snøgg av- og påstigning må finne stad på plass godkjent av Hordaland fylkeskommune og vegeigar.

PS 13/19 Komité for avslutting fylkestingsperioden 2015-2019

Forslag til vedtak

Til komité for avsluttingssamkome for fylkestinget 2015-2019 utnemner fylkesutvalet:

- 1.
- 2.
- 3.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Pål Kårbø (Krf) sette fram slikt forslag

«Fylkesordfører og fylkesvaraordfører»

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Mona Røsvik Strømme»

Røysting

Kårbø og Bjørkly sine forslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Til komité for avsluttingssamkome for fylkestinget 2015-2019 utnemner fylkesutvalet:

1. Fylkesordfører Anne Gine Hestetun
2. Fylkesvaraordfører Pål Kårbø
3. Mona Røsvik Strømme

PS 14/19 Val av medlemmer og varamedlem til generalforsamlinga i Sparebanken Vest

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet gjer slike val til medlemmer til generalforsamlinga til Sparebanken Vest:

Medlemmer:

- 1.
- 2.
- 3.

Varamedlem:

- 1.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag:

1. Benthe Bondhus
3. Pål Kårbø

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

2.Sigbjørn Framnes

Varamedlem.
Anne Beth Njærheim

Røysting

Kvamme og Bjørkly sine forslag vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

Fylkesutvalet gjer slike val til medlemmer til generalforsamlinga til Sparebanken Vest:

Medlemmer:

1. Benthe Bondhus
2. Sigbjørn Framnes
3. Pål Kårbø

Varamedlem:

1. Anne Beth Njærheim

PS 15/19 U-864 - vurdering ny teknologi for heving av ubåtvraket ved Fedje

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Roald Kvamme (A) sette på vegne av A, Krf, SP og SV fram slikt forslag til fråsegn:

«Fråsegn om U864

Fylkesutvalet i Hordaland syner til vedtak i fylkestinget den 12. desember om handtering av U-864 utafor Fedje.

Vedtaket:

«Ein samrøystes transportkomite på Stortinget bad 4. desember regjeringa vurderer om det finst ny informasjon eller ny teknologi som tilseier at heving av ubåtvraket ved Fedje er miljømessig forsvarleg, før arbeidet med tildekking blir sett i gang. Det er derfor allereie brei politisk semje på Stortinget om å på ny vurdere fjerning av kvikksølvlasta før tildekking.

I begge dei to føregåande politiske periodane, seinast i mars 2015, var Fylkestinget engasjert og ba regjeringa heve kvikksølv frå U-864. Eg delar uroa til folket i Nordhordland for 67 tonn kvikksølv og er glad for at Stortinget ber regjeringa vurdere heving av kvikksølv på ny. Ei tildekking fjernar ikkje kvikksølv, heller ikkje den uvissa som vil vera knytt til utsleppa i generasjonar framover. Fjerning av kvikksølv er den langsiktig sikraste løysninga og eg håpar at den nye vurderinga konkluderer med at lasta kan hevast på ei sikker og trygg måte.

Fylkesordførar rår til slikt vedtak:

1. Fylkestinget støttar at Stortinget ber regjeringa vurderer om det finst ny informasjon eller ny teknologi som tilseier at heving av ubåtvraket ved Fedje er miljømessig forsvarleg.
2. Hordaland fylkesting krev at kvikksølvgifta ved U-864 vert fjerna på forsvarleg vis om vurderinga konkluderer med at det er teknisk mogeleg.»

Fylkesutvalget forventar at regjeringa gjer ei ny vurdering av tekniske løysingar som kan gjera det mogleg å heva U-864 og kvikksølv i bunnsegmenter på ein trygg måte.»

Røysting

Kvamme sitt forslag til fråsegn vart samrøystes vedteken sendt.

Vedtak

«Fråsegn om U864

Fylkesutvalet i Hordaland syner til vedtak i fylkestinget den 12. desember om handtering av U-864 utafor for Fedje.

Vedtaket:

«Ein samrøystes transportkomite på Stortinget bad 4. desember regjeringa vurdere om det finst ny informasjon eller ny teknologi som tilseier at heving av ubåtvraket ved Fedje er miljømessig forsvarleg, før arbeidet med tildekking blir sett i gang. Det er derfor allereie brei politisk semje på Stortinget om å på ny vurdere fjerning av kvikksøvlasta før tildekking.

I begge dei to føregåande politiske periodane, seinast i mars 2015, var Fylkestinget engasjert og ba regjeringa heve kvikksølvet frå U-864. Eg delar uroa til folket i Nordhordland for 67 tonn kvikksølv og er glad for at Stortinget ber regjeringa vurdere heving av kvikksølvet på ny. Ei tildekking fjernar ikkje kvikksølvet, heller ikkje den uvissa som vil vera knytt til utsleppa i generasjonar framover. Fjerning av kvikksølvet er den langsiktig sikraste løysninga og eg håpar at den nye vurderinga konkluderer med at lasta kan hevast på ei sikker og trygg måte.

Fylkesordførar rår til slikt vedtak:

1. Fylkestinget støttar at Stortinget ber regjeringa vurdere om det finst ny informasjon eller ny teknologi som tilseier at heving av ubåtvraket ved Fedje er miljømessig forsvarleg.
2. Hordaland fylkesting krev at kvikksølvgifta ved U-864 vert fjerna på forsvarleg vis om vurderinga konkluderer med at det er teknisk mogeleg.»

Fylkesutvalget forventar at regjeringa gjer ei ny vurdering av tekniske løysingar som kan gjera det mogleg å heva U-864 og kvikksølv i bunnsegmenter på ein trygg måte.»